
Saksnr: 2020/46484-71
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesdirektøren orienterer om sitt syn på kommunal økonomisk bærekraft i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tek orienteringa frå fylkesdirektøren om sitt syn på kommunal økonomisk bærekraft i Vestland fylkeskommune til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal vere informert om kva som vert gjort i samband med kommunal økonomisk bærekraft i Vestland fylkeskommune.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet drøfta kommunal økonomisk bærekraft 14.06.2021 under saka eventuelt, PS 53/21, der følgjande vart protokollert:

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. - 02.06.2021, som m.a. leiar i kontrollutvalet var deltakar på, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk bærekraft (KØB). Det vart i den samanheng vist til kommunelova § 14-1. Kontrollutvalet vart samde om å be fylkesrådmannen om å komme i eit møte hausten 2021 for å orientere om sitt syn på dette. orienteringa kan t.d. omfatte vedlikehaldsetterslep på veg og bygningar, gjeldsgrad mv. Sekretariatet kjem tilbake med nærare informasjon om stikkord til kva ei slik orientering kan innehalde etter sumarferien.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

- 2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i møte 21.09.2021 for å orientere om sitt syn på kommunal økonomisk bærekraft (KØB), jf. kommunelova § 14-1*
- 3. Sekretariatet kjem tilbake med nærare informasjon om stikkord til kva ei slik orientering kan innehalde etter sumarferien*

Denne orienteringa vart utsett til møtet 26. oktober på grunn av at kommunedirektøren var oppteken med fylkesutvalsmøte på same tidspunkt som kontrollutvalsmøtet i september var gjennomført.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet vedtok i pkt. 3 saka nemnt innleiingsvis at sekretariatet skulle kome tilbake med meir informasjon om kva ei slik orientering kunne innehalde. Sekretariatet sendte notat til fylkesdirektøren om dette 23.08.2021, der følgjande kom fram:

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggande krav til økonomiforvaltninga i fylkeskommunen. Her står det:

- Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla fylkeskommunal økonomisk bærekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk bærekraft over tid, har fylkeskommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) årsregnskapene og årsberetningene*
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Det vil vera fint om orienteringa også kan innehalde informasjon om t.d. storleiken på vedlikehaldsetterslep på fylkesvegar og bygningar, gjeldsgrad og anna relevant informasjon.

Som avtalt munnleg mellom avdelingsdirektør organisasjon og økonomi og sekretariatet 23.08.2021, ønskjer kontrollutvalet at fylkeskommunedirektøren kjem i møte 26.10.2021 for å orientere om kva tiltak eller prosessar fylkeskommunen gjennomfører for å ivareta den fylkeskommunale økonomiske bærekrafta iht KL § 14-1 og 14-2.

Utvalet ber om at notat som grunnlag for orienteringa vert utdelt i møtet, eventuelt tilsendt i etterkant.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i den munnlege orienteringa frå fylkesdirektøren i møtet 26.10.2021 vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.